

MELAND KOMMUNE
Postboks 79
5906 FREKHAUGDato: 01.03.2018
Vår ref.: 2018/920-3
Saksbehandlar: sigwols
Dykkar ref.:

Att. Larissa Dahl

Fråsegn etter synfaring - Rylandsvassdraget gnr. 45 bnr. 59 - Meland kommune - utviding av parkeringsplass, gangveg og plass for kano/kajakk

Viser til brev dagsett 25.01.2018 med ovanfor nemnde sak til fråsegn, og til vårt brev av 23.02.2018 med varsel om synfaring.

Arkeologar frå Hordaland fylkeskommune gjennomførte synfaring i det gjeldande arealet 28.02.2018. Det vart ikkje påvist synlege automatisk freda kulturminne eller andre kulturminne med høg nasjonal eller regional verdi under synfaringa. Det er ikkje trong for ytterlegare arkeologiske registreringar. Vi ber likevett om at det vert teke omsyn til eventuelle kulturlandskapstrekk som til dømes steingardar, bakkemurar, tufter, eldre vegfar m.m.

Elles gjer me merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekker med trekol eller konstruksjonar vart avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og arbeidet stansast til funnet er vurdert.

Hordaland fylkeskommune har ingen vidare merknader i saka i samband med kulturminne.

David J. Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Sigrun Wølstad
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.